



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Guro Gjenstad, 71 25 84 29

## Statleg tilsyn med kommunen si myndigheit etter forureiningslova - forsøpling

**Statsforvaltarane fører i 2024 tilsyn med kommunane i alle fylka med tema forsøpling. Vi ber kommunen sende svar på spørsmål om temaet seinast 15. juni.**

**Spørsmåla gjeld kommunen si oppfyljing av plikter. I tillegg ønskjer vi å få svar på nokre spørsmål om kommunen sitt behov for rettleiing og verkemiddel på forsøplingsområdet.**

Tilsynet er ein del av ein landsomfattande tilsynsaksjon som blir gjennomført av statsforvaltarane i alle fylka og er koordinert av Miljødirektoratet. Tema for tilsynet er kommunen si myndigheit etter forureiningslova på forsøplingsområdet. Heimel for tilsynet er forureiningslova § 48a, jf. kommunelova kapittel 30.

Tilsynet skal gje kunnskap om korleis kommunen arbeider med forsøplingssaker i tillegg til auka merksemd om og bevisstgjerjing av arbeidet med forsøplingssaker i kommunen.

Tilsynet blir gjennomført som ein brevkontroll med likelydande spørsmål til alle kommunane. Spørsmålsskjemaet er lagt ved dette brevet. Skjemaet har fire deltema:

- Organiseringa i kommunen i saker som gjeld forsøpling
- Internkontroll
- Mottak og oppfølging av forsøplingssaker
- Bruk av verkemiddel
- Spørsmål utanom tilsyn

Vi ber om at kommunen svarar utfyllande på kvart spørsmål og svarar seinast 15. juni 2024.

Det blei gjennomført ein landsomfattande tilsynsaksjon med kommunane i 2017 der eitt tema var forsøpling. Statsforvaltarane gjennomførte tilsynsbesøk i utvalde kommunar med unntak av Møre og Romsdal der tilsynet var ein brevkontroll som vart sendt til alle kommunane i fylket.

### Generelt om pliktene for kommunen på avfallsområdet

Kommunen har omfattande myndigheit og plikter på avfallsområdet. Kommunen har mellom anna plikt til å sørge for innsamling av hushaldsavfall og mottaksordningar for fleire avfallstypar. I tillegg er kommunen forureiningsmyndigheit for forsøpling. Pliktene for kommunen følgjer av forureiningslova, avfallsforskrifta og delegeringsvedtak frå Klima- og miljødepartementet.



Det følgjer av Klima- og miljødepartementet sitt rundskriv "T-5/98 Kommunens myndighet og plikter etter forurensningsloven" pkt. 2.1 at kommunen kan nytte ei rekkje heimlar i forureiningslova på dei områda den har myndigheit. Dette gjeld uavhengig av om kommunen si myndigheit følgjer direkte av lova eller av delegering i forskrift eller brev. På forsøplingsområdet er kommunane i tillegg gitt ei rekkje påleggsheimlar direkte i forureiningslova.

Fokus i denne tilsynsaksjonen er forsøpling, og den omfattar utvalde plikter kommunen har som myndigheitsutøvar på området. Desse er omtala under.

### **Pliktene for kommunen som forsøplingsmyndigheit**

Kommunen er myndigheit etter forureiningslova for forsøplingssaker.

Rolla som myndigheit inneber at kommunen har ansvar for å halde oversikt over kva som skjer på saksområdet ved å følgje opp forbod og krav gjennom eigeninitierte tilsyn eller førespurnadar frå publikum. Kommunen skal også rettleie publikum og verksemder om regelverket på området, jf. forureiningslova § 48.

Internkontrollen til kommunen er sentral for å sikre at arbeidet og prioriteringane til kommunen blir tilpassa behovet i kommunen, mellom anna basert på risikovurderingar.

#### Oppfølging av forsøplingsforbodet

Kommunen har myndigheit til å følgje opp brot på forsøplingsforbodet i forureiningslova § 28. Kommunen kan mellom anna påleggje den ansvarlege å rydde opp, jf. forureiningslova § 37 første ledd. Dersom nokon har bede kommunen om å gje eit slikt pålegg, vil ei avgjerd i kommunen om å ikkje gje pålegg vere å rekne som eit enkeltvedtak som kan klagast på av den som vende seg til kommunen. Det følgjer av forureiningslova § 37 tredje ledd. Dette inneber i praksis at kommunen pliktar å ta stilling til førespurnadar om opprydding av avfall.

#### Myndigheit kommunen kan bruke i forsøplingssaker

Tilsynsheimlar, jf. rundskriv T-5/98:

- Krevje opplysningar, jf. forureiningslova § 49
- Gjennomføre gransking, jf. forureiningslova § 50
- Pålegge undersøkingar, jf. forureiningslova § 51.

Gi pålegg om fjerning av avfall, opprydding eller dekking av andre sine utgifter til opprydding ved brot på forsøplingsforbodet i § 28, jf. forureiningslova § 37 første ledd. Pålegg kan rettast mot den som har etterlate, tømt eller oppbevart avfallet i strid med § 28.

Gi pålegg om opprydding og fjerning til den som var eigar av motorkøyretøy, skip, fly osv. da det blei etterlate i strid med § 28 eller er eigar når pålegget vert gitt, jf. forureiningslova § 37 andre ledd.

Gi pålegg for å sikre gjennomføring av plikter som er lagt på utsalsstader og arrangørar av stemner osv. i første og tredje ledd, jf. forureiningslova § 35 fjerde ledd.

Gi pålegg etter forureiningslova § 7 fjerde ledd for å hindre at lagring av brukte gjenstandar medfører fare for forureining, jf. delegeringsbrev frå Klima- og miljødepartementet av 2. desember 2009. Myndigheit blei gitt for at kommunane skulle kunne følge opp saker der det kan vere tvil om noko er avfall (kassert).



Fastsette og fråfalle tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73 og rundskriv T-5/98.

Sørge for omgåande gjennomføring, jf. forureiningslova § 74 og rundskriv T-5/98. Nytte annan mann sin eigedom i samband med utøving av myndigheit, jf. forureiningslova § 75 og rundskriv T-5/98.

Krevje påtale, jf. forureiningslova §§ 78 og 79 og rundskriv T-5/98.

Plikta kommunen har til å følge opp krav som rettar seg mot mellom anna utsalsstader og festivalarrangørar

I samsvar med forureiningslova § 35 første ledd skal den som driv daglegvarehandel, bensinstasjon, kiosk eller liknande utsalsstad, sørge for oppsetting av avfallsbeholdarar i nærleiken av salsstaden og tømning av desse. I tillegg skal den gjennomføre nødvendig opprydding i området. Det same gjeld den som driv leirplass eller anna turistanlegg.

Arrangør av tilstelling eller stemne, for eksempel festivalar, skal sørge for nødvendig opprydding etterpå med mindre det er ein annan som er ansvarleg etter § 35 første ledd.

Kommunen fører tilsyn med desse pliktene og kan følge opp brot gjennom å gi "de pålegg som er nødvendige" til gjennomføring av reglane, jf. § 35 fjerde ledd. Regelen supplerer § 37 og resten av heimlane kommunen kan bruke, jf. lista i pkt. 2.1.

Som myndigheit for oppfølging av pliktene i § 35, skal kommunen rettleie aktørane om pliktene dei har, jf. forureiningslova § 48.

**Tilleggsspørsmål – frivillig undersøking om mellom anna rettleiingsbehov**

I tillegg til spørsmåla som gjeld oppfyllinga av kommunepliktene, ønsker Miljødirektoratet å få svar på nokre spørsmål om behovet til kommunen for rettleiing og verkemiddel på forsøplingsområdet. Formålet er å få innspel til direktoratet sitt arbeid med utvikling og forbetring av rettleiingsmateriale og forslag til regelverksendringar.

Spørsmåla er ikkje ein del av tilsynet etter forureiningslova § 48a. Det er derfor frivillig for kommunen å svare på desse. Svara blir vidareformidla til Miljødirektoratet.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
underdirektør

Guro Gjenstad  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Spørsmålsskjema



## Mottakarar:

Vanylven kommune	Rådhusvegen 1	6143	FISKÅ
Sande kommune	Rønnebergplassen 17	6084	LARSNES
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Ulstein kommune	Postboks 143	6067	ULSTEINVIK
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Sykkylven kommune	Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Giske kommune	Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Vestnes kommune	Rådhuset Brugata 10	6390	VESTNES
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Gjemnes kommune	Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Fjord kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Haram kommune	Postboks 33	6282	BRATTVÅG
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND